



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

St.prp. nr. 5

(2001-2002)

Sikring av museumsbanen ved Norsk Bergverksmuseum

*Tilråding frå Kulturdepartementet av 5. oktober 2001,
godkjend i statsråd same dagen.*

1 Bakgrunn

Kongsberg Sølvverk har ein sentral plass i norsk historie. Det blei oppretta av Christian IV som kongeleg sølvverk i 1624 og var med enkelte opphald i drift heilt til det blei lagt ned i 1957. I dag er Sølvverket landets største museale gruveanlegg. Det underjordiske gruvesystemet består av fleire hundre sjakter, stollar og andre bergrom. Christian VII's stoll er om lag 200 år gamal, og strekkjer seg 2,8 km inn i berget til Kongens gruve. Denne blir trafikkert av eit gruvetog med lokomotiv og opptil 14 vogner, kvar med plass til 8 personar, total kapasitet 112 personar. I underkant av 40 000 personar besøker kvart år gruvene med gruvetoget.

Kongsberg Sølvverk blir eigd av staten og blei av Riksantikvaren mellomens freda etter kulturminnelova i 1992. Forslag om permanent freding er til behandling i Miljøverndepartementet. Forvaltninga av kulturminnet er delegert til Norsk Bergverksmuseum som blei stifta i 1938 som bedriftsmuseum for Kongsberg Sølvverk og gjort om til ei sjølvstendig stifting 1. mars 1989.

2 Rehabilitering av gruvebanen

På grunnlag av ettersyn i Christian VIIIs stoll og Kongens gruve la Kongsberg brann- og redningsteneste i januar 2001 fram ein brannteknisk erfaringsrapport som slo fast at brannrisikoen i samband med baneanlegget er svært høg. Museet tok saka opp med Kulturdepartementet i form av ein søknad om midlar til utbetring av baneanlegg og rullande materiell. Departementet vende seg til Norsk museumsutvikling som er statens rådgjevande organ i museumsaker og bad om ei vurdering. Norsk museumsutvikling engasjerte eit uavhengig konsulentfirma (Interconsult) med brei erfaring innanfor sikring. Også dette konsulentfirmaet konkluderte med at personrisikoen var svært høg. I rapporten heiter det mellom anna at:

»... personrisikoen er åpenbar høg, sannsynligvis den største katastroferisiko underteignede har erfart i Norge.»

På bakgrunn av dette bad Kulturdepartementet 10. april i år Norsk Bergverksmuseum inntil vidare stenge gruvebanen for publikumstransport. Samstundes tok departementet initiativ til ei grundigare vurdering av tryggleiken og framtidig drift av banen. Denne vurderinga blei utført i eit samarbeid mellom museet, Jernbanetilsynet, Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern og Interconsult. På grunnlag av dette arbeidet la Norsk museumsutvikling medio september 2001 fram eit forslag til sikring av gruvebanen som oppfyller krava til tryggleik frå dei involverte fagorgana. Forslaget har ei kostnadsramme på 18 mill. kroner, og omfattar innkjøp av lokomotiv og ombygging av vogner.

Ei snarleg gjenopning av museumsbanen er sterkt ønskeleg av fleire grunnar. Det dreier seg om eit historisk viktig kulturminne som i fleire tiår har hatt eit stort årleg besøkstall. For Norsk Bergverksmuseum inneber stenginga både økonomiske og formidlingsmessige vanskar. Dessutan fryktar ein negative konsekvensar for reiselivsnæringa i regionen dersom ein ikkje lenger kan marknadsføre denne attraksjonen.

3 Forslag til løysing

Norsk Bergverksmuseum får ansvaret for å gjennomføre nødvendig sikrings- og utbetringsarbeid. Ein tek sikte på å opne banen sommarsesongen 2002. For ikkje å miste tid, vil det vere nødvendig å stille midlar til vidare prosjektering av transportløysinga og nødvendige sikringstiltak til disposisjon for museet allereie i 2001. Nye lokomotiv har ca. eit halvt års leveringstid. Dersom ein skal ta gruvebanen i bruk sommarsesongen 2002, må desse tingast i 2001.

Dei nødvendige sikringstiltaka for å gjenopne gruvebanen på Kongsberg er kalkulert til 18 mill. kroner. Regjeringa foreslår at det blir løyvd 6 mill. kroner på inneverande års budsjett, og at det blir gjeve ein tilsegnfullmakt på 12 mill. kroner til vidare gjennomføring av sikringsprosjektet.

Etter at prosjekteringa er fullført vil det bli fremja ein ny proposisjon for Stortinget så tidleg som mogleg i 2002.

Kulturdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om sikring av museumsbanen ved Norsk Bergverksmuseum.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om sikring av museumsbanen ved Norsk Bergverksmuseum i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om sikring av museumsbanen ved Norsk Bergverksmuseum

I

I statsbudsjettet for 2001 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post		Kroner
0328		Museums- og andre kulturvernformål	
	70	Nasjonale institusjoner blir auka med	6 000 000
		frå kr 145 560 000 til kr 151 560 000	

II

Stortinget samtykkjer i at det i 2001 blir gjeve tilsegn om tilskot til Norsk Bergverksmuseum på inntil 12 mill. kroner utover løyvinga i 2001 under kap. 328, post 70 til vidare gjennomføring av sikringsprosjektet.
